



Overnattingsstatistikk 2005

Accommodation Statistics 2005

Norges offisielle statistikk

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

Official Statistics of Norway

This series consists mainly of primary statistics, statistics from statistical accounting systems and results of special censuses and surveys. The series are intended to serve reference and documentation purposes. The presentation is basically in the form of tables, figures and necessary information about data, collection and processing methods, in addition to concepts and definitions. A short overview of the main results is also included.

The series also includes the publications Statistical Yearbook of Norway and Svalbard Statistics.

© Statistisk sentralbyrå, mars 2006

Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde.

ISBN 82-537-6945-8 Trykt versjon

ISBN 82-537-6946-6 Elektronisk versjon

ISSN 1503-4119

Emnegruppe

10.11

Design: Enzo Finger Design

Trykk: Statistisk sentralbyrå/70

Standardteikn i tabellar	Symbols in tables	Symbol
Tal er umogleg	Category not applicable	.
Oppgåve manglar	Data not available	..
Oppgåve manglar førebels	Data not yet available	...
Tal kan ikkje offentliggjera	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Førebels tal	Provisional or preliminary figure	*
Brot i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brot i den vassrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilleteikn	Decimal punctuation mark	,(,)

Forord

Denne publikasjonen gjev overnattingsstatistikk utarbeidd av Statistisk sentralbyrå og Norske Vandrerhjem. Datagrunnlaget for Statistisk sentralbyrå sine undersøkingar er eigne oppgåveskjema. Overnattingsstatistikken for vandrarheimane er basert på tal frå Norske Vandrerhjem.

Hovudresultata frå overnattingsstatistikken er tilgjengelege på websidene til Statistisk sentralbyrå på Internett under emne: Hotell- og restaurantvirksomhet (<http://www.ssb.no/overnatting>). Det er mogeleg å bestille andre og meir detaljerte tabellar ved å vende seg til Statistisk sentralbyrå.

Rådgjevar Tom Granseth har stått for arbeidet med publikasjonen. Ansvarleg seksjonsleiar er Leiv Solheim, Seksjon for samferdsels- og reiselivsstatistikk.

Statistisk sentralbyrå
Oslo/Kongsvinger, 13. februar 2006

Øystein Olsen

Nils Håvard Lund

Preface

This publication gives statistics on accommodation prepared by Statistics Norway and Hostelling International Norway. It contains statistics on guest nights spent in collective accommodation establishments. The information is collected by Statistics Norway through surveys and by Hostelling International Norway.

The main results from statistics on accommodation are published on Internet at Statistics Norway's Web-page http://www.ssb.no/english/subjects/10/11/overnatting_en. More detailed tables can be supplied on request to Statistics Norway. These can be transmitted electronically or on paper.

The publication has been prepared by Statistical Adviser Mr. Tom Granseth. Responsible for this publication is Head of Division Mr. Leiv Solheim, Division for Transport and Tourism Statistics.

Statistics Norway
Oslo/Kongsvinger, 13 February 2006

Øystein Olsen

Nils Håvard Lund

Innhold

Figurregister	7
Tabellregister.....	7
1. Hovudresultat.....	9
2. Bakgrunn og føremål.....	9
2.1. Føremål og historie.....	9
2.2. Brukarar og bruksområde.....	10
3. Om produksjon av statistikken	10
3.1. Omfang.....	10
3.2. Datakjelder.....	10
3.3. Utval	10
3.4. Datainnsamling	10
3.5. Kontroll og revisjon	10
3.6. Berekningar.....	10
3.7. Konfidensialitet	11
4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar.....	11
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa og kjennemerka.....	11
4.2. Standard klassifikasjonar	12
5. Feilkjelder og uvisse	12
5.1. Måle- og handsamingsfeil	12
5.2. Fråfallsfeil	12
5.3. Utvalsfeil	12
5.4. Andre feil	12
6. Samanlikningar og samanheng	12
6.1. Samanlikningar over tid og stad	12
6.2. Samanheng med annan statistikk	12
7. Kvar finn ein statistikken.....	12
7.1. Publikasjonar og andre lenkjer.....	12
7.2. Lagring og bruk av grunnmaterialet.....	13
Tidlegare utgitt på emneområdet.....	23
Dei sist utgitte publikasjonane i serien Norges offisielle statistikk.....	24

Contents

List of figures	8
List of tables	8
1. Main results	14
2. Background and purpose	15
2.1. Purpose and history	15
2.2. Users and applications	15
3. Statistics production	15
3.1. Population	15
3.2. Data sources.....	15
3.3. Sampling	15
3.4. Collection of data.....	15
3.5. Control and revision	15
3.6. Estimation	15
3.7. Confidentiality	15
4. Concepts, variables and classifications	16
4.1. Definitions of the main concepts and variables	16
4.2. Standard classifications.....	16
5. Sources of error and uncertainty	16
5.1. Measurement and processing errors	16
5.2. Non-response errors	16
5.3. Sampling errors	16
5.4. Other sources of error	16
6. Comparability and coherence	16
6.1. Comparability over time and space	16
6.2. Coherence with other statistics.....	17
7. Availability	17
7.1. Publications and other links	17
7.2. Microdata.....	17
Previously issued on the subject	23
Recent publications in the series Official Statistics of Norway	24

Figurregister

-
- | | | |
|----|--|---|
| 1. | Hotell og andre overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar..... | 9 |
| 2. | Hotell og andre overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar..... | 9 |
| 3. | Kommersielle overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar..... | 9 |
-

Tabellregister

-
- | | | |
|----|--|----|
| 1. | Talet på bedrifter, etter bedriftsgruppe og månad. 2005 | 18 |
| 2. | Talet på rom, etter bedriftsgruppe og månad. 2005 | 18 |
| 3. | Talet på senger, etter bedriftsgruppe og månad. 2005 | 19 |
| 4. | Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet og bedriftsgruppe. 2005 | 20 |
| 5. | Overnattingar, etter bedriftsgruppe og månad. 2005 | 21 |
| 6. | Hotell og andre overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter føremål og månad. 2005 | 21 |
| 7. | Hotell og andre overnattingsbedrifter. Oppmøtte gjestar, omsetning, oppnådd pris per rom og kapasitetsutnytting, etter månad. 2005 | 22 |
| 8. | Campingplassar. Overnattingar, etter overnattingsmåte og månad. 2005 | 22 |
-

List of figures

1. Hotels and similar establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million	14
2. Hotels and similar establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million	14
3. Collective accommodation establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million.....	14

List of tables


1. Number of establishments, by type of establishment and month. 2005	18
2. Number of rooms, by type of establishment and month. 2005	18
3. Number of beds, by type of establishment and month. 2005	19
4. Guest nights, by nationality of the guests and type of establishment. 2005	20
5. Guest nights, by type of establishment and month. 2005	21
6. Hotels and similar establishments. Guest nights, by purpose and month. 2005	21
7. Hotels and similar establishments. Arrivals, sales, price per room and utilisation of capacity, by month. 2005 ...	22
8. Camping sites. Guest nights, by type of accommodation and month. 2005	22

1. Hovudresultat

I 2005 var det første gong det var meir enn 17 millionar overnattingar ved norske hotell. Det var òg første gong det var meir enn 12 millionar norske overnattingar.

Talet på hotellovernattingar i alt auka med 5 prosent samanlikna med 2004, og talet er nær 4 prosent over nivået i 1999, som var førre rekordåret. Talet på norske hotellovernattingar auka med 5 prosent, medan dei utanlandske auka med 4 prosent.

Figur 1. Hotell og andre overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar



Auke for tyskarane, britane og svenskane

Tyskland var den største utanlandsmarknaden for hotella i 2005, med 810 000 overnattingar. Talet på tyske overnattingar auka med 10 prosent frå 2004 til 2005. Likevel er talet 24 prosent lågare enn 1995.


Det var 602 000 hotellovernattingar frå Storbritannia i 2005, ein auke på 4 prosent samanlikna med 2004. Det er det høgste talet nokosinne. Talet på britiske overnattingar ved hotella har til dømes auka med nærare 43 prosent sidan 1995.

Talet på svenske hotellovernattingar auka med 6 prosent, frå 503 000 overnattingar i 2004 til 531 000 overnattingar i 2005. Nivået i 2005 er 23 prosent lågare enn toppåret 1997.

Nedgang for danskane

Talet på danske hotellovernattingar gjekk ned med 3 prosent samanlikna med 2004, frå 640 000 til 619 000. Nivået i 2005 ligg 35 prosent lågare enn toppåret 1995.


Figur 2. Hotell og andre overnattingsbedrifter. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar



Auke i totaltrafikken

I 2005 var det totalt 26,3 millionar overnattingar ved dei kommersielle overnattingsstadene. Dette er ein auke på 4 prosent i forhold til 2004. Forutan hotella, var det òg auke for campingplassane og hyttegrendene.

Figur 3. Kommerielle overnattingsstader. Overnattingar, etter gjestane sin nasjonalitet. 1995-2005. Millionar



Overnattingar totalt og norske overnattingar var rekordhøge i 2005. Talet på utanlandske overnattingar auka med 3 prosent samanlikna med 2004, og med 10 prosent samanlikna med 2003, men talet ligg likevel 3 prosent under 1998, som var første året med totaldekning av den kommersielle overnattingsmarknaden i Noreg.

2. Bakgrunn og føremål

2.1. Føremål og historie

Kommerseil overnattingstrafikk er ein viktig del av norsk reiseliv. Føremålet er difor å kartlegge nivået og

utviklinga for den kommersielle overnattingstrafikken så fullstendig som mogleg.

Hotellstatistikken vart etablert i 1950, campingstatistikken i 1968 og hyttegrendstatistikken i 1998. Tal for Norske Vandrerhjem vart publisert for første gong i Statistisk sentralbyrå sin årlege publikasjon i 1965, men er tekne inn som ein del av den månadlege publiseringa frå og med juli 2002.

Dei faglege endringane som er gjorde i statistikken opp gjennom åra, er nærare omtalte i punkt 6.1 Samanlikningar over tid og stad.

2.2. Brukarar og bruksområde

Statistikkane vert nytta av Næringsdepartementet, Innovasjon Norge, organisasjonar og forskingsinstitusjonar innanfor reiselivet samt internasjonale organisasjonar som til dømes Eurostat. Kartlegginga av turisttilstrøyminga til Noreg er viktig som grunnlag for forskning og ikkje minst som oppfølging av marknadsføringa av Noreg i utlandet og som grunnlag for oppfølging av myndighetene si satsing på reiseliv som vekstområde.

Internt i Statistisk sentralbyrå er Nasjonalrekneskapen ein sentral brukar.

3. Om produksjon av statistikken

3.1. Omfang

Statistikken omfattar hotell og andre overnattingsbedrifter, camping, hyttegrender, samt medlemsbedrifter i Norske Vandrerhjem.

Hotellstatistikken omfattar alle hotell og liknande overnattingsbedrifter med 20 senger eller meir.

Campingstatistikken omfattar alle plassar med ein kapasitet på anten minst åtte hytter eller ein totalkapasitet på minst 50 einingar.

Hyttegrendstatistikken omfattar alle hyttegrender med ein kapasitet på tre hytter eller meir. Statistikken for Norske Vandrerhjem gjeld alle overnattingsbedriftene som er medlemmer i Norske Vandrerhjem.

Hotell og Norske Vandrerhjem: Statistikken byggjer på månadsvis oppgåver over talet på overnattingar fordelte på nasjonaliteten til gjesten og på gjesten sitt føremål med hotellopphaldet.

Camping og Hyttegrender: Statistikken byggjer på månadsvis oppgåver over anten talet på einingsdøger eller gjestedøger, fordelte på nasjonaliteten til gjesten.

For camping vert einingsdøgera og gjestedøgera òg fordelte på overnattingsmåte.

Talet på einingsdøger vert publisert som talet på overnattingar. Einingsdøgera vert omrekna til overnattingar baserte på tidlegare undersøkingar som syner at kvar familie/reisefølgje som deler hytte/vogn består av tre personar.

Nasjonalitetsfordelinga for alle statistikkane er i samsvar med EUs direktiv for turismestatistikk. I tillegg vert talet på overnattingar frå personar som bur i Mexico registrert.

3.2. Datakjelder

Postalt innhenta papirskjema, online rapportering i form av tekstvedlegg til e-post samt rapportering over Internett.

Oppgåveskjema ligg på:

<http://www.ssb.no/skjema/0297/0297b.pdf>

<http://www.ssb.no/skjema/0307/0307-b.pdf>

<http://www.ssb.no/skjema/0366/0366-b.pdf>

3.3. Utval

Overnattingsstatistikkane er baserte på fullteljing for dei bedriftene som er større enn dei nemnde grensene, sjå punkt 3.1.

3.4. Datainnsamling

Hotell, camping og hyttegrender: Papirskjema vert sende ut den 25. i månad m-1. Frist for innsending er 5. i månad m+1. Norske Vandrerhjem samlar sjølv inn data frå sine medlemmer som vert sende over til Statistisk sentralbyrå samla i form av tabellar.

3.5. Kontroll og revisjon

Hotell, camping, hyttegrender: Alle statistiske data vi får vert kontrollerte for matematiske og logiske feil.

For ikkje-responentar vert manglande verdiar berekna maskinelt basert på kjennskap til responentane. Basis for desse berekningane er eit bedriftsregister som har oppgåver over opningstid og kapasitet for alle overnattingsbedriftene. I desse berekningane er det gått ut frå at ikkje-responentar har same kapasitetsutnytting som responentane i same stratum.

Det er god statistisk samanheng mellom delen av yrkesovernattingar og overnattingsprisen som hotellet kan få i marknaden. Denne samanhengen er nytta for å berekne overnattingspris og vidare losjiovmsetning for bedrifter som ikkje har gitt oppgåve over omsetning.

3.6. Berekingar

Om lag 5 prosent av bedriftene gjev ikkje oppgåve over verksemda kvar månad. Ein bereknar tal både for overnatting og omsetning for desse bedriftene. Basis for berekningane er oppgåver over opningstid og kapasitet for alle hotella i registeret. I berekningane går ein

ut frå at ikkje-respondentar har same kapasitetsutnytting for senger og rom som respondentane innanfor same hotellgruppe (land-, by-, turist- og høg fjellshotell) og region. Med kunnskap om kapasitetsutnytting for senger og rom samt kapasitet for non-respondentane, kan ein berekne talet på overnattingar og selde rom.

Det er statistisk god samanheng mellom delen yrkesovernattingar til ei bedrift og den overnattingsprisen som bedrifta oppnår i marknaden. Denne statistiske samanhengen er nytta for å berekne overnattingspris og losjioversetning for bedrifter som ikkje har gitt oppgåve over omsetning.

Resultat vert publisert i original form. Nokre av hotell-data vert sesongjusterte ved hjelp av X12ARIMA, <http://www.ssb.no/maanedshefte/del1/kifig46n.shtml>

3.7. Konfidensialitet

Ein offentleggjer ikkje tal dersom færre enn tre einingar ligg til grunn for ei celle i tabellen. Årsaka er fare for identifisering ved at talet kan førast tilbake til oppgåvegjevar. Særleg gjeld dette ved offentleggjing av tal på lågt geografisk nivå, t.d. fylke i camping- og hyttegrendstatistikken utanfor sommarsesongen. Ein løyser dette ved å undertrykkje desse tala i tabellen.

4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa og kjennemerka

For hotell gjeld talet på bedrifter som er registrerte som opne minst ein dag i den perioden som tabellen har tal for.

Senger og rom i hotell gjeld talet på senger og rom i dei bedrifta som er registrerte som opne.

Kapasitetsutnytting av senger i hotell er talet på overnattingar i prosent av talet på sengedøger, der sengedøger er talet på senger i hotellet multiplisert med talet på døger som hotellet har vore opne i perioden.

Kapasitetsutnytting av rom i hotell er selde rom i prosent av romdøger, der romdøger er talet på rom i hotellet multiplisert med talet på døger som hotellet har vore opne i perioden.

Rom og senger er to ulike mål på kapasiteten ved eit hotell, fordi romma i ulik grad er enkelt- eller dobbeltrom. Eit hotell med til dømes berre dobbeltrom kan ha 100 prosent utnytting av romma, medan sengene berre er utnyttta til 50 prosent. *Kapasitetsutnytting av senger og rom* kan såleis vise ulik utvikling frå ein periode til ein annan.

For campingplassar og hyttegrender gjeld talet på bedrifter som er registrerte som opne minst ein månad den perioden som tabellen har tal for.

Hyttegrender er hytter/rom som er tilrettelagde for sjølvstell og organisert som ei samling av enkeltstående einingar. Ved sjølvstell er graden av service vanlegvis redusert og inkluderer til dømes ikkje oppreising av senger og vask av rom og eventuelle sanitæranlegg som hyttene måtte vere utstyrte med. Bedriftene må vere drivne under felles leiding, med eigen resepsjon og på kommersiell basis.

Hytter, senger og rom gjeld kapasitet i dei bedriftene som er registrerte som opne. Berekingar av talet på senger og rom for bedrifter som har endra kapasitet, kan i mange tilfelle gje eit resultat med desimalar. Kapasitetstala som vert publiserte er derimot avrunda etter vanlege avrundingsreglar. Summen av talet på senger for heile landet treng difor ikkje alltid stemme med summen av tala for fylke eller kommunar.

Einingsdøger: Ei eining (familie eller reisefølgje) som overnattar i ei hytte/eit rom uavhengig av kor mange personar det er i eininga.

Overnatting: Ein person overnattar ei natt.

Nasjonalitet: Med nasjonaliteten til gjesten meiner vi det landet der gjesten er busett, ikkje det landet der gjesten har statsborgarskapen sin. I dei fleste tilfella er dette eit og same land.

Sesongkontrakt: Campingvogn på fast kontrakt (sesongkontrakt) er leige av fast plass for vognene til ein pris uavhengig av kor mykje vogna er i bruk.

Totalkapasitet for campingplassen er summen av talet på hytter og oppstillingsplassar for telt, campingvogn eller bubil.

Losjioversetning ved hotella er omsetning for overnattingsverksemda, altså ikkje omsetning for eventuell servering, sjølv om måltid er inkludert i prisen for opphaldet.

Losjioversetning er ikkje avgiftspliktig etter meirverdiavgiftslova, i motsetning til serveringsomsetning. For å lette arbeidet som bedrifta har med fordeling av pensjonsprisen mellom avgiftspliktig og avgiftsfri omsetning etter meirverdiavgiftslova, har Finansdepartementet gjeve egne forskrifter av 28. november 1977. Med oppgåver over losjioversetning, talet på overnattingar og selde rom, kan ein berekne gjennomsnittlege prisar både per overnatting og per rom. Nokre bedrifter endrar kapasitet i året. Med opplysningar om senge- og romkapasiteten i bedrifta dei ulike månadene, vert talet på senger og rom på års- eller sesongbasis berekna som eit månadleg gjennomsnitt.

4.2. Standard klassifikasjonar

Fylke og kommune

Standard for Næringsgruppering.

5. Feilkjelder og uvisse

5.1. Måle- og handsamingsfeil

Generelt vil det kunne oppstå feil både under utfyllinga av skjemaet (oppgåvegjevar gjev feil svar) og i kodinga og registreringa av skjemaet til elektronisk medium (optisk lesing).

5.2. Fråfallsfeil

Ved utløpet av fristen ligg svarprosenten på om lag 60 prosent, medan han ved publisering ligg på rundt 95 prosent. Totale og partielle fråfall vert berekna maskinelt, sjå 3.6. Berekningar.

5.3. Utvalsfeil

Overnattingsstatistikkane er baserte på fullteljing for dei bedriftene som er større enn dei nemnde grensene, sjå punkt 3.3. Det er såleis ingen utvalsfeil.

5.4. Andre feil

Campingplassane si rapportering av bruk av campingvogner på fast kontrakt, er i mange tilfelle basert på plassane sine egne vurderingar.

6. Samanlikningar og samanheng

6.1. Samanlikningar over tid og stad

Hotellstatistikken vart etablert i 1950. På grunn av diverse forandringar i omfang og opplegg, kan ein ikkje samanlikne statistikken i heile perioden. I samband med endringa i hotellova i 1984 vart godkjenningssordninga oppheva. Den manglande jamføringsgraden frå 1984 til 1985 er nærare dokumentert i Norsk Hotellnæring 1950-1990. Sosiale og økonomiske studier 77, Statistisk sentralbyrå. Bortsett frå tre utvidingar i 1990, 1995 og i 2005 ved at fleire nasjonar er spesifiserte i statistikken, kan ein likevel samanlikne hotellstatistikken frå 1985 til i dag.

Campingstatistikken vart etablert i 1968, der omfanget er endra fleire gonger sidan den gong. I 1988 vart det etablert eit register med opplysningar om opningstid og kapasitet for alle plassane som gjorde det mogleg å berekna tal for ikkje-responentar. Desse endringane er nærare dokumenterte i Camping i Norge 1984-1994. Rapport 95/17, Statistisk sentralbyrå. I 1996 vart nasjonalitetsfordelinga utvida til å tilfredsstille krava til EU. I 1998 vart omfanget utvida samt at òg overnattingar i sesongkontrakt vart registrerte i statistikken. Vidare vart campingstatistikken utvida til òg å dekkje

både vinter- og haustsesongen med fortløpande månadleg publisering. Bortsett frå ei utviding i 2005 ved at fleire nasjonar vart spesifiserte i statistikken, kan overnattingsstatistikken for campingplassar samanliknast frå 1998.

Hyttegrendstatistikken vart etablert i 1998 og kan samanliknast fram til 2002. Frå 2002 er enkelte bedrifter i hotellstatistikken omklassifiserte til hyttegrender. Dette har medført at statistikken ikkje heilt kan samanliknast frå 2002 til 2003

Hyttegrendene og campingplassane rapporterer gjestetrafikken i form av einingsdøger (sjå punkt 3.1 Omfang). Einingsdøger vert rekna om og publiserte som overnattingar baserte på tidlegare undersøkingar om at kvar familie/reisefølgje som deler hytte/vogn består av tre personar. Enkelte større hyttegrender har endra rapporteringsform ved at dei frå og med 2004 i staden rapporterer talet på overnattingar. Den tidlegare nytta omrekningsnøkkelen på tre personar per familie/reisefølgje har vist seg å vere for låg for desse bedriftene, noko som har ført til at tala ikkje heilt kan samanliknast frå 2003 til 2004. Frå 2005 vart fleire nasjonar spesifiserte i statistikken.

6.2. Samanheng med annan statistikk

Nasjonalrekneskapen nyttar hotellstatistikken i den kvartalsvise nasjonalrekneskapen. Tala for norske overnattingar i hotellstatistikken vert nytta for å kvalitetssikre Reise- og ferieundersøkinga.

Overnattingsstatistikkane vert nytta til berekningar i den kvartalsvise omsetningsindeksen for samferdsel og reiseliv. I tillegg vert dei nytta til å kvalitetssikre strukturundersøkinga for hotell og restaurant.

7. Kvar finn ein statistikken

7.1. Publikasjonar og andre lenker

Statistikken vert offentleggjort elektronisk via Dagens statistikk på heimesida til Statistisk sentralbyrå på Internett. Statistikken vert òg offentleggjort elektronisk i Statistisk sentralbyrå sin Statistikkbank på Internett <http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/><http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/>

Enkelte tabellar vert publiserte i Statistisk årbok. Hotellstatistikken til og mars 2004 finn ein på <http://www.ssb.no/hotell>, og frå og med april 2004 på <http://www.ssb.no/overnatting/> Camping til og med juli 2002 ligg på <http://www.ssb.no/camping>, og frå og med august 2002 på <http://www.ssb.no/overnatting/> Hyttegrender til og med juli 2002 ligg på <http://www.ssb.no/hyttegrend>, og frå og med august 2002 <http://www.ssb.no/overnatting/>

Norske Vandrerhjem <http://www.ssb.no/overnatting/>
Norsk Hotellnæring 1950-1990. Sosiale og økonomiske studier 77, Statistisk sentralbyrå
Hotellstatistikken. Dokumentasjon av imputering og tabellrutinar på ny edb-plattform. Notater 95/36, Statistisk sentralbyrå
Overnattingsstatistikk 2001. Noregs offisielle statistikk. http://www.ssb.no/emner/10/11/nos_c732/nos_c732.pdf
Camping i Norge 1984 - 1994. Rapporten 95/17, Statistisk sentralbyrå.

7.2. Lagring og bruk av grunnmaterialet


Mikrodata er lagra i Oracle-databasar, og som filer i SAS- og ASCII-format.

1. Main results

The number of guest nights in Norwegian hotels reached 17 millions for the first time. Both domestic and non-resident guest nights increased.

The number of guest night at hotels increased by 5 per cent compared with 2004, and about 4 per cent above the level in 1999, which was top-year before 2005.

Figure 1. Hotels and similar establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million



Increase for Germans, Britons and Swedes

Germany was the largest foreign hotel market in 2005, with 810 000 guest nights. Number of German guest nights increased by 10 per cent from 2004 to 2005. Nevertheless, the number of German guest nights is 24 per cent lower than 1995.


The hotels recorded 602 000 hotel guest nights from United Kingdom in 2005, an increase of 4 per cent compared with 2004. This is the highest number ever. The number of guest nights from UK has increased by 43 per cent since 1995.

The number of hotel guest nights from Sweden UK increased by 6 per cent, from 503 000 guest nights in 2004 to 531 000 guest nights in 2005. The level of 2005 is 23 per cent lower than the top year in 1997.

Decrease for Danes

The number of hotel guest nights from Denmark decreased by 3 per cent compared with 2004, from 640 000 to 619 000. The level of 2005 is 35 per cent lower than the peak in 1995.


Figure 2. Hotels and similar establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million



Increased totals

I 2005 recorded a total of 26,3 millions guest nights in collective accommodation establishments, an increase of 4 per cent compared with 2004. Besides the hotels, camping sites and holiday dwellings also had increased traffic.

Figure 3. Collective accommodation establishments. Guest nights, by nationality of the guests. 1995-2005. Million



2005 was a record-year both for the number guest nights total and for the number of guest domestic nights. The number of non-residents guest nights increased by 3 per cent compared with 2004, and by 10 per cent compared with 2003, but the level is nevertheless 3 per cent below 1998.

2. Background and purpose

2.1. Purpose and history

The purpose of the statistics is to measure the level and development in the guest nights at Norwegian collective accommodation establishments, which are an important part of the Norwegian tourism industry.

The accommodation statistics for hotels and similar establishments were established in 1950.

The accommodation statistics for camping sites were established in 1968.

The accommodation statistics for holiday dwellings were established in 1998.

Figures for Hostelling International Norway were published for the first time in Statistics Norway's annual publication in 1965 and included in Statistics Norway's monthly figures from July 2002.

The scope of the statistics has been revised several times. Further information is provided in chapter 6.1. Comparability over time and space.

2.2. Users and applications

The Ministry of Trade and Industry, Innovation Norway (formerly the Norwegian Tourist Board), and trade organisations, research institutes and international organisations such as Eurostat use the statistics.

Knowledge of the tourist traffic to Norway is important for research and for measuring the results of Norwegian marketing efforts abroad, and also form a basis for the Government's backing of tourism as a growth area.

The Division for National Accounts in Statistics Norway is also an important user.

3. Statistics production

3.1. Population

The statistics cover all hotels and similar establishments with a capacity of at least twenty beds, camping sites with a capacity of either at least eight huts/rooms or at least 50 units, holiday dwellings with a capacity of at least three huts, and all members of Hostelling International Norway.

3.2. Data sources

Postal questionnaires, data reported directly from the establishment's booking systems and Internet questionnaire.

The questionnaire can be found at, (in Norwegian only)

<http://www.ssb.no/skjema/0297/0297b.pdf>

<http://www.ssb.no/skjema/0307/0307-b.pdf>

<http://www.ssb.no/skjema/0366/0366-b.pdf>

3.3. Sampling

Total count for establishments that are larger than the threshold set out in Chapter 3.1. Population

3.4. Collection of data

The postal questionnaires are sent out on the 25th of the month M-1. The response deadline is the 5th of the month M+1.

3.5. Control and revision

The postal questionnaires are read optically. However, some questionnaires are still processed manually by Developer/Forms to Oracle. All questionnaires and all data reported electronically are subject to logic and mathematical checks.

For non-respondents, missing values are calculated based on knowledge of the respondents. The bases for these calculations are the capacity and opening hours of all establishments and the assumption that non-respondents have the same occupancy rate as respondents in the corresponding stratum.

There is a high statistical correlation between the share of business guest nights and the price the hotel obtains in the market. This statistical correlation is used to calculate room revenue and other lodging revenue for establishments that have not submitted information on turnover.

3.6. Estimation

About 5 per cent of the establishments do not respond. For these establishments number of guest nights and sales are calculated. These calculations are based on the assumption that non-respondents have same utility of capacity for beds and rooms as the respondents within same strata (hotel and region. With knowledge about capacity for all non-respondents, the number of guest night can be calculated.

3.7. Confidentiality

The accommodation statistics is released according to the directions given in the Statistics Act, section 2-6.

